

Arild Håkedal:


Kallingsheia

Då eg i sommar stod på Galdhøpiggen, kom eg av ein eller annan grunn til å tenke på at dei skoa eg hadde på, siste gongen var på ein annan topp, på Høgeknatten. Dette gav meg ei stupbra kjensle av det å «eige» natur. Stemninga på Galdhøpiggen, med «nice», «bon» og «schön» velmeinande uttrykt av utadvendte langveisfarande, gav meg bare ei «utanpå» kjensle i høve til ein stille, einsam meditasjon på Kallingsheia.

Når «Jol i Åmli» ber meg om ein artikkel fra bygda var, fall det meg inn å sjå litt nærare på dette området.


Namnet kjem truleg fra det å kalle, rope eller huve. Som andre plassar i Åmli, t.d. Løkkeliheia under Lindknuten, leier dette tanken mot hjuringens einsame og kontaktsøkande liv på heia.

Kva Kallingsheia skal omfatte i areal kan det vere delte meiningar om, men tek ein heidedraget mellom Gjøvdal i nord, Dølemo i sør, Hakedal i vest og Fiskvatn i aust, er i alle fall alt med. Dei gamle kommunegrensene



Fugloya i Kallingsvatn.

Foto: Arild Hakedal



Kallingsheim «jaktstott».

Foto: Arild Hakedal

mellom Gjøvdal, Tovdal og Åmli fann eit skjeringspunkt med naturleg merke her. Haddestein - steinen som hallar - minner om det gamle spraklege fellesskapet med Setesdal. Segnet fortel at i eit brurefylgje mellom Tovdal og Gjøvdal rei brudgommen over denne steinen til ære for brura.

At det var ein heilt annan trafikk i desse strøka før enn nå, er heilt klart. Her lever enna folk i bygda som hugsar dei tok snarvegen fra Gjøvdal til Tovdal, eller omvendt, ein laurdagskveld der var gjete om dans og liv. Meir tydelege merke etter utbetra veg kan ein enna finne i ferdselsara mellom Gunnleifjell - Hakedal - Eppeland. I skrahellingane nord for Vakensbergfjella finn ein enna steinsetting for hesteferdsel. Ved Kallingsheias fot, i strekket Hunemo - Mjaavasstøyl - Fiskvatn - Sveisbekkdalen finn ein truleg byvegen for setesdølar, fyresdølar og gjøvdølar. Apropos by, nord for Store Stemmetjørn, bak Jamvåg, finn me ei lita tjørn med det pussige namnet Byen - Åndalen. Eg har høyrte to tydingar av dette namnet. Den eine er at tjørna viser vegen til byen i den eine enden og elvedalen i den andre.



Haddesteinen.

Foto: Arild Hakedal

Tyding nr. to er at den peiker mot byen «Andalen», altså Arendal, i motsetning til Kristiansandbyen. I alle høve må dette fortelje noko om ferdsel i området.

Men ferdsla i heia har vore noko meir enn gjennomgang. Kallingsheia har i seg sjølv vore ein ressurs. Fra tidlegaste tider har nok elg og skogsrein vore attraktive fangst- og jaktmal. Av den «nye» reinen har eg funne spor og ekskrement oppa sjølv Høgeknatten. Gar ein lenger fram i tida så har skogsfuglen betydd mykje. Snarefangst med hestetagl og seinare messingtråd var kjærkomen handelsvare i byte med sukker, salt og kaffi. Bruk av fuglejøre - ei slags kastenot til fugl i vinterdøkk - var i alle fall i bruk fram til 1930-åra. Skytinga på leiken om varen gav og store fangster. Før var dette lovleg etter 15. mai. I dei store fugleåra rundt 1912 og 1930 var dette naturleg nok eit kjærkoment tilskot i ei elles knapp tid. Me må her ikkje falle i den fella at me dømmer fortida med «natidas auge», dessutan var parringa ferdig 15. mai. Det kunne nok likevel hende at einskilde hadde eit lite lager fra tida før denne datoen(!)

Da natur- og nasjonalromantikken blomde i byane for århundreskiftet, vart fuglejakta på Kallingsheia snart det heilt store. Fra slutten av 1800-talet og i lang tid framover finn me kontrakter på jakt her. Men småkarsfolket jakta likevel i skjul for Arendalskaksane. I så måte kan det vel ikkje skade å fortelje - 60 år etter - at

Ingvald Tverrstøyl og pappa skaut 59 fuglar på ei helg i 1932 i strøket Støylen - Høgeknatten. Fra fantomåra 1929–32 fortalde onkel Olav at han sag «langt over 100 orrhanar» på varisen ved Fugløya i Kallingsvatn. At det er ein eldgamalt spelplass fortel namnet Fugløya om.

Som viltressurs var Kallingsheia altså kjent, men kanskje mest for bjønn. I boka om Olav Tverrstøyl blir området kalla sjølv bjønneriket. Kvar især kan lese om det i boka om Olav Tverrstøyl, men eg har lyst til å tilføye ei lita søge: Olav Tverrstøyl kom ned fra Kallingsheia til Mjaavasstøyl med ei binne og to ungar. Min bestefar var då 12 år og budde der. Medan Olav var inne og fekk seg øl, som skikken var, stiltra bestefar seg bort til binna, som lag ved lavebruna, sette borse-løpet mot bjønneskallen og drog av. Han hadde nemleg høyrte at der var ikkje kuler som gjekk gjennom eit bjørnehovud. «Dette var feil!» sa han etterpå. I vaksen alder fekk han eit langt samvere med Olav, men det er ei anna søge.

Den store tiltrekkinga Kallingsheia hadde på byfolket fortel etableringa av «Kallingsheim jaktstøtt» om. Dette er ikkje noko anna enn naverande «Kallingsheim», men dei hadde nok sans for vakre ord før.

I Jaktstøttets hyttebok, som er bevart og svært omfattande, finn me m.a. starten på eventyret: «Aar 1878, i Slutningen af September Maaned, drog et Selskab af gode venner til Haakedal (i Tovdal) for at forsøge sin

Lykke paa Jakten. Under deres Færden omkring i Fjeldene overraskedes de ved Synet af det underdeilige Kallingsvand med dets herlige Omgivelser. Indtrykket var saa overveldende, at man som med en Røst udraabte: «Her må være godt at være!» Dette Indtryk, der blev yderligere forøget ved en begeistret Tale holdt af Skibsreder Sunne i Forbindelse med det storartede Udbytte af en foretaget Jagt, dels paa Fugl og Harer, dels paa en Bjørn, gjorde at initiativ af Osc. Herlofsen, blev besluttet at faa forpagtet Jagt og Fiskeriet i Egnen samt faa opført et Jagthus ved Kallingsvand. Der besluttedes tillige at danne en Jagtklub hvis Medlemmer skulde være Eiere af Huset. I Vinterens løb blev denne beslutning realiseret idet Klubben dannedes af følgende Herre: Skibsreder Chr. Eyde, Sørenskriver Hammer, Skibsreder Oscar Herlofsen, Skibsreder H.A. Sunne, Sagfører H.J. Vetlesen og Trælasthandler C. Westergaard. Jagtret paa Engenæs Grund samt Fiskeretten i Kallingsvandene blev forpaktet for 5 Aar, en Baad bygget og opsendt, Huset opført.» (X)

Av desse legg me merke til legendariske Sam. Eyde. Dessutan var han far til - i denne samanhang kjente - Sofie Eyde. Ho var mykje på vitjing på «slottet». Den barnlause dama var ein ivrig jeger og det vart fortald at ho ein morgon skaut over 100 skot på leiken - utan særleg resultat.

Dei andre underskrivne er velkjende «notabilitetar» frå Arendal. Seinare kom og Jacob Aall med. Med i dette fine jakselskapet finn me og bygdefolk som Gunnar Eivindson Ramse (1836–1907), Olav Tverrstøyl (1845–1938) og Gunnar Heggland. Desse skaffa seg festekontrakt for hytte og naust med Børuf Eyvindson Engenes, samt jakt- og fiskerett med han og resten av Engenesbøndane for 200 kr i 20 år.

Til Kallingsheia gjekk dei i alle fall 3 ulike vegar. Etter å ha ferja over Sundet, drog dei enten via Fiskvatn, Tviland eller Eppeland (Høyskogvegen). Med kløv tok turen opp omlag to og ein halv time.

Jakselskapet hadde sans for stil, det fortel dette sitatet frå jaktprotokollen om: ---«ved den dræbte Bjønns Lig blev ved Bægrenes Klang oppnævnt som Æresmedlem af Klubben» osb.

At jaktlysta var stor og jakttidene ikkje så nøye, fortel eit notat frå 19.8.1879 om. Jaktklubben hadde då med seg 3 bjørnehundar, 1 fuglehund og 1 harchund. Resultatet blei heller magert, men dei fekk «fede, store Fjellørreter på Bakke (stegle) i Store Kallingsvann.»

Dei første eigne lister over fangsten. Rekorden var i frå 15.10.1881: 70 fisk på tilsaman 220 merkar, dvs eit snitt på over 750 gram, dessutan så mykje molte på Storøya at dei ikkje kunne ta med seg alt. Seinare klaga dei - faktisk til fiskeriinspektøren - at gytetilhøva var blitt forringa etter oppføringa av stemmen i Lisle Kallingsvatn. Den kom truleg før 1890.

(X) Chr. Eyde, som var bror til

Dette fører oss til gamle dagars utnytting av vassressursane på Kallingsheia. Heia låg nok langt vekke til bruk for kvern og sagbruksoppdemming, men namn som Store og Lisle Stemmetjørn, med bekkar til Dølemo, kan likevel tyde på dette. Kanskje det og har vore til tømmerdrift. Heilt sikkert veit me dette om stemmen ved Lisle Kallingsvatn, Øyvatn og kanskje fleir. Det var ikkje tenkt primært som fløting frå sjølve heia, men som tilleggsvatn for fossebjalkane nærare bygda.

Om jakta på kjøt har vore stor på Kallingsheia, har jakta på gras sikkert vore større. Slåttedrift og støylsbruk har sett sitt preg på kartet i form av namn som Stakkslåtthellet, Midtslåttan, Bokstakkefjellet, Støylsfjellheia, Støylen, Vikstøyl osb. I terrenget blir derimot færre og færre merke. Stakksneiser, hø- og lauvbuer rotnar ned og er snart borte. Nærast som ein liten bauta over slitet på heia ligg ennå ein halv slipestein ved Stormyr nord for Hømvatn. Dei siste som slo seg ned her før høybua brann ned i 1918, var Jon Skarli (bestefar til noverande), Lisle-Aslak Kittelsen (gamal-onkel til Aslak og Olav Homdal og Amerikaimmigrant) samt Sigrid Baasland som rakstejente.

Av botaniske namn som kan fortelje oss noko, nemner eg desse to:

Barlinddalen er i dag rangert som den nest største barlindførekomst i Aust-Agder. Grunnen til at dette treet er så sjeldan i våre dagar er m.a. tidlegare tiders overbeskatning av treet som bogeemne.

Ålmekrona som ligg ved foten av Kallingsheias vestsida, fortel oss om den språklege utviklinga av det nåverande trenamnet alm. Dette er som kjent opphavet til kommunenamnet vårt. Namnet har gått vegen om åm, ålm til alm. Åmland og Åmli fortel om det fyrste. Ålmekrona om det andre. At treet er sjeldan nå, har m.a. si årsak i at basten mellom treet og borken er så pass næringsrik at det blei brukt i borgebrød. I naudsåra før 1814 blei treet nærast utrydda.

At Kallingsheia lenge har vore brukt som tur- og sportsområde fortel fylgjande data:

– Tradisjonen med å skrive namn i boksen på Høgekatten er iallefall frå 1885.

– Feltskyting vart arrangert på Våkensbergfjella i 1912.

– Utførrenn i påska 1934, Svartbergheia (dialekt: Svartbergheia) - Eppeland, med Theodor Vehusheia som vinnar.

– Kallingsheiløpet med start i 1955 med Audun Brekke som fyrste vinnar, og seinare avhalde 25 gonger. Opphavleg var dette eit samarbeid mellom Dølemo IL og Gjøvdal IL der dei brøytte låm frå kvar sin kant. Drivkrefter i starten var m.a. Martin Kleiva og Severin Harstveit.

Dette var litt laust og fast frå heia «mi». Vonar me snart får ein gamaldags snørøk og knitrande kald vintør. Då veit eg kor turen skal gå...